

Årsrapport for Læringsmiljøutvalet ved OsloMet, studieåret 2023–2024

OSLO METROPOLITAN UNIVERSITY
STORBYUNIVERSITETET



Om Læringsmiljøutvalet

Universitet og høgskular skal sørge for at læringsmiljøet på institusjonen er forsvarleg ut frå ei samla vurdering av omsynet til studentane si helse, sikkerheit og velferd, jf. Lov om universiteter og høyskoler § 10-1. Omgrepet læringsmiljø omfattar både fysiske, psykososiale, organisatoriske, digitale og pedagogiske forhold, og skal bli forstått som heilskapen av alle desse forholda. Læringsmiljøutvalet (LMU) rapporterer direkte til universitetsstyret, og skal gi råd til styret i saker som dreier seg om læringsmiljøet ved OsloMet. LMU sitt arbeid inngår i OsloMets kvalitetsarbeid.

Læringsmiljøutvalet er samansett av studentar og tilsette. Dei tilsette blir peikt ut for ein periode på to år. Studentrepresentantane blir peikt ut for eitt år av gongen. Funksjonsperioden følger studieåret. Rollene leiar og nestleiar veksler årleg mellom representant frå dei tilsette og studentane. LMU gir årleg ein rapport til universitetsstyret om utvalet sitt arbeid.

Rektor nemner opp tilsette Læringsmiljøutvalget. Studentparlamentet nemner opp studentar til utvalet. Våren 2024 var LMU samansett av desse personane:

Tilsette:

- Silje Fekjær, prorektor for utdanning
- Vigdis By Kampenes, direktør for organisasjon og infrastruktur
- Anders Graver Knudsen, programansvarleg for journalistikkutdanning ved SAM
- Tollak Landa, rådgiver i Seksjon for studieadministrasjon og internasjonalisering ved TKD
- Vibeke Seland Ramm, leder arbeidet med studentmiljø Kjeller, seniorrådgiver Avdeling for utdanning
- Gry Bettina Moxnes, seksjonssjef for Biblioteket Pilestredet

Personlege varaer i rekkefølge:

- Håkon Solberg, direktør for utdanning
- Mariann Hole, eigedomsdirektør
- Kari Hjerpaasen, studieleder ved HV
- Silje Anette Holmen, seniorkonsulent i Seksjon for studieadministrasjon og internasjonalisering ved LUI
- Michelle Storakeren, kvalitetsrådgiver i Avdeling for utdanning
- Julie Backer, seksjonssjef i Avdeling for samfunnskontakt og kommunikasjon

Studentar:

- Bendik Kaurin Evertsen (Læringsmiljø- og internansvarleg i Arbeidsutvalet)
- Hasan Ali
- Marianne Lien
- Milly Meyer
- Nina Lily Nordskog Paureng
- Hanne Louise Samuelsen

Faste observatørar:

- Beate T. Dessingtho, studentlivkoordinator
- Rebekka Midgaard, studentombod
- Trond Trondsen, direktør SiO Helse og Rådgjeving

I studieåret 2023–24 leia Bendik Kaurin Evertsen utvalet. Silje Fekjær var nestleiar. Avdeling for utdanning utfører sekretærfunksjonen i utvalet, ved Kyrre Matias Goksøyr. Utvalet gjennomførte seks møter i perioden.

LMU oppsummerer perioden

Basert på arbeidet i perioden 2023–2024, oppsummerer læringsmiljøutvalet året og gir nokre anbefalingar til OsloMet sitt arbeid med å sikre et godt læringsmiljø for studentane våre.

Læringsmiljøutvalet har i fleire diskusjonar gjennom året løfta fram det lokale, studentnære ansvaret for læringsmiljøet og eit ønske om å styre ressursar til læringsmiljø inn mot tiltak som styrkar studentane si tilknytning til eige program og tiltak som studentane sjølv ønsker og initierer. Studentar si tilhøyrslø og bruk av lokala er framleis viktig å arbeide med, ikkje minst i samband med campusutvikling. Utvalet meiner at forholda på Kjeller framleis ikkje er gode nok, trass tiltaka for å betre studiemiljøet. LMU anbefalar å sjå på moglegheitene for å spreie dei samlingsbaserte utdanningane ut i tid, slik at ikkje alle er inne på samling samtidig. Det er viktig at arbeidet med læringsmiljø blir tatt med også i den vidare utviklinga av campus Lillestrøm.

Kommunikasjon mellom institusjonen og studentar har blitt løfta før, og er framleis ei viktig utfordring å ta tak i. Både undervisarar og administrativt tilsette er viktige for studentane sine moglegheiter for fagleg og sosial integrering, og tilgang på korrekt informasjon. Studentane sine opplevingar av om tilsette ved universitetet er tilgjengelege for dei, bør lyttast til. Studentar sitt læringsmiljø blir påverka av låste dører og tilsette på heimekontor. Kontaktskjema kan ikkje fylle behovet for menneskeleg kontakt. Tilrettelegging for kontakt mellom studentar på same studieprogram og tilsette, og møta mellom studentar og OsloMet sine system og tilsette er tema som stadig har kome opp i LMU, og som utvalet ønsker blir sett i fokus på OsloMet framover.

LMU vil vurdere korleis utvalet meir systematisk og meningsfullt kan bli kopla på diskusjonar og arbeid som påverkar læringsmiljøet. Ei endring utvalet har gjort i den siste perioden, er å ta inn Studentombodet som fast observatør. Saman med observatørane Studentlivkoordinator og representant frå Studentsamskipnaden i Oslo, har utvalet styrka kontakta med viktige aktørar for godt studiemiljø. Framover vil utvalet søke å få opp fleire saker som rører ved pågåande og komande arbeid med læringsmiljøet. Her vil Studentombod, Sei frå-tenesta, Studentparlamentets arbeidsutval og prodekanar for utdanning kunne vere relevante bidragsytarar for å få opp diskusjonar til dømes om koplingane mellom kvalitetsarbeid på studentnært nivå, ansvar for læringsmiljø, kva informasjon som bør flyte opp i organisasjonen og kva forhold ved læringsmiljøet OsloMet bør ha særleg merksemd om. Læringsmiljøutvalet vil gjerne bli tatt med som uformell høyringspart tidleg i prosessar, slik at utvalet kan gi innspel før tiltak er ferdig planlagt.

Saker i LMU studieåret 2023–2024

Under følger korte oppsummeringar av tema LMU har diskutert det siste året. Fullstendige oppsummeringar er publisert på [Opengov \(opengov.360online.com\)](https://opengov.360online.com).

Status studiemiljø Kjeller

Det har vore utprøving med å tilsette studentvertar, ved Kjeller. Desse vil få mykje ansvar for både å planlegge og gjennomføre tiltak. Campustematikken har kome opp også i andre saker gjennom året, og vil vere tema for LMU også framover.

Bibliotekprosjektet

LMU vart orientert om oppgradering/renovering i P48, P32 og P35 med vekt på når biblioteka ville vere stengt, kven som er med i arbeidsgruppa og kva informasjon studentane får. Biblioteket etablerte informasjonsside om prosjektet, der det også vart informert om alternative arbeidsplassar, e-bøker, utvida utlån og liknande. Tilsette ved biblioteket var fysisk til stades utanfor P48 første veka det var stengt, for å rettleie og gi informasjon. Tilbakemeldingane biblioteket har fått, tyder på stort behov for avskjerma arbeidsplassar for å sitte åleine og jobbe.

Diskusjon om LMU si rolle

Omtalen av læringsmiljø i universitets- og høyskoleloven er veldig vid, og det er mykje å ta tak i. Det er viktig for utvalet å nytte moglegheita til å løfte saker der organisasjonen bør bidra til betre læringsmiljø.

Campus

Behov for møteplassar og eit levande campus har kome opp som viktig prioritering for studentane. Møteplassar må fyllast med eit innhald som lagar strukturar for å finne fellesskap. Oppmøte og delaktigheit i eit aktivt studiemiljø har mykje å seie for å motverke einsemd og å bygge godt psykososialt læringsmiljø. Å samlast rundt felles interesser/aktivitet eller studiet ein går på, er viktige vegar til å lykkast. Ofte tar ein ikkje i bruk tilboda som finst før ein har fått tilhøyrsløse og trygghet. Først når ein er sosialt integrert, tar ein aktivt del. Det kan vere vanskeleg å verkeleg forstå at desse tilboda er til for seg. Det kan vere vanskeleg å vite om ein har lov til å ta i bruk enkelte areal. Det er viktig å få fram at mange kan bruke dei same lokala. Det kan vere vanskeleg for studentar å få innblikk i om rom er ledige. OsloMet bør prioritere å synleggjere at ein har lov til å ta i bruk areal, og å synleggjere kva som er ledig. OsloMet bør også legge mellomromma til rette for studentbruk.

Arrangement

Det er mange arrangement, og mange av desse er organisert frå ulike delar av administrasjonen ved OsloMet. Det ligg ei prioritering i å bruke avgrensa ressursar på store arrangement. Studentparlamentet har prøvotert for å sjå kva dei ønsker å prioritere, sentrale arrangement eller meir lågterskel, organisert nær studentane arrangementa skal treffe. Ei prøvotering i Studentparlamentet hadde klart fleirtal for å prioritere lågterskel-arrangement i det nære studiemiljøet, og synet fekk støtte i diskusjonen i LMU.

Når det er naudsynt å prioritere, er det viktig å stille seg spørsmål om kva målet er. Om ein skal bidra til tilhøyrsløse eller til psykososialt læringsmiljø, kan prioriteringane vere ulike. Nokre faste, stadig gjentakande arrangement, bidrar positivt i ein hektisk studiekvardag.

Studiestart

Studiestartundersøkinga har fått ny innretting i år, i samarbeid mellom avdeling for samfunnskontakt og kommunikasjon og avdeling for utdanning. Studentane si oppleving av fagleg og sosial integrering er lagt større vekt på enn tidlegare. Analysearbeidet og førebuing av presentasjonar av funna held fram, og blir publisert på sida [Analyseresultater](#).

Studenttillitsvalde

Eit studentprosjekt har arbeida med å undersøke status, behov og moglegheiter i arbeidet med studenttillitsvalde. Problemstillingane har vore innretta mot å lette kvardagen til Arbeidsutvalet, studentlivskoordinatorar dei som har bruk for å få kontakt med studenttillitsvalde.

Prosjektet har laga ein prototype for korleis ei slik nettløysing kunne fungere og anbefaler å lage ei «Vitebok», slik SiO har på sine område. Det trengst betre og samla informasjon om kva det er å vere tillitsvald og kva ein treng å vite for å fylle rolla. Det er også behov for eit system for kalender som viser arrangement som er særleg relevant for studenttillitsvalde.

Ansaret for rekruttering ligg i stor grad til emneansvarlege undervisarar. Det er stor variasjon i korleis denne informasjonen blir formidla og korleis rekrutteringa føregår. Det er eit fråfall av tillitsvalde frå første år til dei seinare åra, og vanskelegare å rekruttere studenttillitsvalde seinare i studia. Prosjektet anbefaler å prøve å lage eit slags faddersystem, der studenttillitsvalde får ei rolle i å rekruttere nye tillitsvalde.

Studentmedverknad – erfaringar frå Den gode studentopplevinga (DGS)

[Delrapporten frå DGS om studentmedverknad](#) er publisert i OsloMets digitale vitenarkiv ODA. Forsøket med mentorordring for studentar ved HV, hadde mellom anna som mål å motverke fråfall. Følgeforskinga viser at studentane sjølv melder at mentorordninga har vore positiv for dei, men det er samtidig vanskeleg å seie noko om effekt. Studentane gav tilbakemelding om at mentorrolla har blitt ei viktig bru mellom studentane og dei fagleg tilsette. Delrapporten peiker på oppleving av positive verknader på læringsmiljø. HV har vurdert prosjektet som vellykka nok til at fakultetet har oppretthalde ordninga etter at DGS-prosjektet var over.

Krasjkurs nye studentar

Avdeling for samfunnskontakt og kommunikasjon har bygd vidare på introkurset for nye bachelorstudentar, for å lage eit kurs for nye masterstudentar. LMU fekk presentasjon av målet med kurset og korleis SK har jobba med utviklinga.

Lenke til introduksjonskurs:

- [Introduksjonskurs for bachelorstudenter \(oslomet.instructure.com\)](https://oslomet.instructure.com)
- [Introduksjonskurs for masterstudenter \(oslomet.instructure.com\)](https://oslomet.instructure.com)

Læringsmiljø sett frå Studentombodet

Studentombodet har tatt saker frå 180 studentar hittil i 2024. Ombodet kjem i kontakt med mange områder av læringsmiljø, inkludert varslingssaker, problemstillingar knytt til undervisning og vurdering, praksis, studentpolitikk, verv og tilrettelegging / universell utforming, og ønskte å ta med utvalet i ein diskusjon om ansvar for læringsmiljøet. Det er ikkje alltid at ansvaret for ulike saker er like klart, og studentar veit ikkje alltid kvar dei skal vende seg. I diskusjonen kom LMU inn på korleis

ulike einingar ved OsloMet tar ansvar for ulike dimensjonar ved læringsmiljøet, forholdet mellom det institusjonelle ansvaret og studentane sitt bidrag. Frå studieåret 2024 er studentombodet tatt inn som observatør i Læringsmiljøutvalet.

DraumeCanvas

Digin rettleier og underviser i læringsdesign, til dømes korleis ein kan bruke Canvas. LMU fekk presentert ulike måtar Canvasrom kan vere strukturert (eller ikkje).

Døma ligg i padleten: <https://oslomet.padlet.org/admin/dr-mmecanvas-slik-ser-en-l-ringsplattform-som-engasjerer-stu-wztupw7qklawutxu>

Med små, enkle grep kan ein gjere slike sider mykje meir brukarvennlege. Samtidig er standardinnstillingane slik at mykje er synleg, og det krevjast ein (liten) innsats frå emneansvarleg for å rydde. Nokre stader har fakultet/institutt bestemt køyrereglar for kva som skal gjerast i Canvasrom. Når ein kjem inn i ein dialog og kan samanlikne eit døme på ustrukturert og strukturert rom, vil dei fleste sjølv sjå kva grep ein kan gjere.

Det finst også døme på at fakultetet fastset ein mal som er så rigid at enkelte emne ikkje får plass i boksen. Det må vere noko rom for å bruke ein god mal som utgangspunkt, og så tilpasse etter behov.

Eit verkøy som mange fleire burde ta i bruk, er å sørge for at alle som deltar i undervisning er kopla på det som skal skje før ein kjem til undervisningrommet – gjerne ved at inngangsbilletten til å delta i undervisning er at ein har gjort noko før ein kjem inn i rommet. Læringa blir betre om ein koplar læringa før undervisning, i det fysiske rommet og etter undervisning. Gode, strukturerte Canvasrom som er enkle å bruke kan også bidra veldig til å redusere talet på spørsmål om kvar ein finn informasjon. Det informasjonsbehovet gir slitasje på studentar, undervisarar og administrasjon.